



STORTINGET

Innst. 267 L

(2022–2023)

Innstilling til Stortinget
frå helse- og omsorgskomiteen

Prop. 39 L (2022–2023)

Innstilling frå helse- og omsorgskomiteen om
Endringer i helsepersonelloven (statens partsstilling i saker om Helsepersonellnemndas vedtak)

Til Stortinget

1. Samandrag

1.1 Hovedinnholdet i proposisjonen

Helse- og omsorgsdepartementet foreslår i denne proposisjonen at det lovfestes i helsepersonelloven § 71 at departementet i enkeltsaker skal kunne overta utøvelsen av statens partsstilling når Statens helsepersonellnemnd sine (Helsepersonellnemndas) vedtak er brakt inn for domstolene.

Departementet påpeker at det i dag ikke er klart hvor langt nemndas uavhengighet rekker, ut fra lovens ordlyd og forarbeider. Departementet mener at det er behov for en avklaring av dette med hensyn til utøvelsen av statens partsstilling.

Lovforslaget gjelder søksmål om Helsepersonellnemndas behandling av klager på vedtak fra Statens helsetilsyn om administrative reaksjoner mot helsepersonell og vedtak fra Helsedirektoratet om autorisasjon, lisens og spesialistgodkjenning.

Endringen tar sikte på særlige tilfeller, typisk der saken reiser prinsipielle spørsmål om lovtolkning eller Norges internasjonale forpliktelser, eller der avgjørelsen kan få store praktiske eller økonomiske konsekvenser for godkjenningsordningen eller helse- og omsorgstjenesten dersom den blir stående.

1.2 Høringen

Helse- og omsorgsdepartementet sendte på høring et forslag om å lovfeste i helsepersonelloven § 71 at departementet i enkeltsaker skal kunne overta utøvelsen av statens partsstilling når Helsepersonellnemndas vedtak er brakt inn for domstolene. Departementet fikk 14 høringssvar. Av disse var fem uten merknader.

Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten (Helseklage), Den norske legeforening, Den norske tannlegeforening og Bergen kommune mente at den foreslåtte lovendringen vil undergrave Helsepersonellnemndas uavhengighet, og var derfor uenige i forslaget. Regjeringsadvokaten, Helse Bergen HF, St. Olavs hospital HF, Oslo universitetssykehus HF og Arbeidsgiverforeningen Spekter støttet forslaget.

1.3 Økonomiske og administrative konsekvenser

Den foreslåtte lovendringen vil gi Helse- og omsorgsdepartementet større mulighet til styring innenfor et av sine ansvarsområder, men innebærer ifølge departementet ikke økonomiske eller administrative konsekvenser.

2. Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Tove Elise Madland, Cecilie Myrseth, Even A. Røed og Truls Vasvik, frå Høgre, Sandra Brufnot, Erlend Svandal Bøe og leiaren Tone Wilhelmsen Trøen, frå Senterpartiet, Lisa Marie Ness Klungland og Hans Inge Myrvold, frå Framstegspar-

tiet, Bård Hoksrud og Morten Wold, frå Sosialistisk Venstreparti, Marian Hussein, frå Raudt, Seher Aydar, frå Kristeleg Folkeparti, Olaug Vervik Bollestad, og frå Pasientfokus, Irene Ojala, syner til Prop. 39 L (2022–2023) der det vert lagt fram forslag om å lovfeste i helsepersonellova § 71 at departementet i enkeltsaker kan utøve staten si partsstilling når Statens helsepersonellnemnd (Helsepersonellnemnda) sine vedtak vert bringa inn for domstolane. Komiteen har gjennomført ei skriftleg høyring der det ikkje har kome inn nokon høyrings svar.

Komiteen merkar seg at departementet meiner det er behov for ei avklaring av kor langt Helsepersonellnemnda si uavhengigheit rekk for å ivareta staten sine interesser som part i saker som er bringa inn for domstolane. Komiteen syner til Forvaltningslovutvalet, som i NOU 2019:5 uttaler at uavhengigheit er eit gradsspørsmål, og at ein på generelt grunnlag må klargjere uavhengigheitsprinsippet gjennom lov.

Komiteen syner til at forslaget presiserer i lovteksten at det er i enkeltsaker at departementet kan overta som part i saka i domstolane, kalla staten si partsstilling. Departementet har vurdert at ei ytterlegare avgrensing av heimelen kan avgrense han unødig.

Komiteen merkar seg departementet si vurdering av at departementet sin bruk av den føreslegne lovheimelen berre vil vere aktuell i saker som reiser prinsipielle spørsmål om lovtolkning og Noreg sine internasjonale forpliktingar, eller der avgjersla kan ha store praktiske eller økonomiske konsekvensar for godkjenningssordninga eller helse- og omsorgstenesta.

Komiteen syner til helsepersonellova § 69 fyrste ledd om at Statens helsepersonellnemnd skal vere eit uavhengig organ med høg helsefagleg og juridisk ekspertise. Komiteen syner til at lovendinga ikkje skal endre på Helsepersonellnemnda si uavhengigheit etter den nemnde paragrafen.

Komiteen merkar seg at høyringsinstansane, er uroa for uavhengigheita til Helsepersonellnemnda. Komiteen vil understreke at Stortinget, ved å gjere vedtak om endringar i helsepersonellova som knyter seg til staten si partsstilling i saker om Helsepersonellnemndas vedtak, forstår dette som ein snever heimel ved bruk i enkeltsaker, slik det er skildra og kjem fram av forarbeidet til proposisjonen:

«Departementet legger til grunn at det i praksis kun vil vere aktuelt å bruke denne adgangen til å overta utøvelsen av statens partsstilling i helt spesielle tilfeller, typisk der saken reiser prinsipielle spørsmål om lovtolkning eller Norges internasjonale forpliktelser, eller der avgjørelsen kan få store praktiske eller økonomiske konsekvenser for godkjenningssordninga eller helse- og omsorgstjenesten dersom den blir stående. Dette sikter til avgjørelser som har generell betydning utover det

konkrete resultatet for det aktuelle helsepersonellet som saken gjelder.»

Komiteen syner vidare til presiseringa i proposisjonen knytt til forholdet mellom vedtak fatta i Helsepersonellnemnda og ei eventuell partseigaroverføring. Det kjem tydeleg fram at ei slik overføring ikkje vil endre på nemnda sitt opphavsvedtak, og at det kun er domstolen som kan overprøve dette.

Komiteens medlemmer fra Høyre viser til at departementet mottok 14 høyrings svar da departementet hadde forslaget på høyring. Disse medlemmer peker på at flere av høyringsinnspillene har motforestillinger mot den foreslåtte endringen.

Disse medlemmer mener det skal vere mulig for departementet å vere partsutøver i saker som fremmes for domstolene, og som har stor prinsipiell betydning, fordi det i slike saker ofte dreier seg om tolkning av norske og EU-rettslige regler og domsavgjørelser skaper forventninger hos søkere og presedens for Helsedirektoratets vedtak.

Disse medlemmer mener det hadde vært en fordel om det fremkom direkte i lovteksten at dette er ment å vere en snever hjemmel som bare skal brukes i prinsipielle saker, men viser i stedet til hvordan dette er skildret i forarbeidene. Disse medlemmer vil understreke at det er dette disse medlemmer legger til grunn for å støtte lovendinga.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Sosialistisk Venstreparti, Rødt, Kristelig Folkeparti og Pasientfokus viser til at det er sprikende syn på forslaget fra regjeringen i høyringsinnspillene. Etter loven skal Helsepersonellnemnda vere fullstendig uavhengig. Disse medlemmer er derfor bekymret for at en overføring av partsstillingen i saker der vedtakene er brakt inn for domstolen, vil kunne rokke ved nemndas uavhengighet.

Disse medlemmer mener også at det er for dårlig begrunnet hvorfor man ønsker en slik endring. Det fremstår uklart i hvilke tilfeller departementet selv kan overta partsstillingen. Disse medlemmer viser også til Legeforeningens høyringsinnspill, som peker på at forslaget vil undergrave Helsepersonellnemndas uavhengighet. Disse medlemmer støtter derfor ikke de foreslåtte endringene.

3. Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen vert fremja av medlemene frå Arbeidarpartiet, Høgre og Senterpartiet.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak til lov

om endringer i helsepersonelloven (statens partsstilling i saker om Helsepersonellnemndas vedtak)

I

I lov 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v. skal § 71 første ledd nytt fjerde punktum lyde:
Departementet kan i enkeltsaker overta utøvelsen av statens partsstilling.

II

Loven trer i kraft straks.

Oslo, i helse- og omsorgskomiteen, den 28. mars 2023

Tone Wilhelmsen Trøen

leiar

Hans Inge Myrvold

ordførar

